

## 23-1113 Referat FAU møte

### Sak 1 Mandat FAU, kva type saker og retningslinjer Facebook

#### **Om FAU frå Dingemoen sine sider:**

Foreldrerådet og FAU skal fremje fellesinteressene til foreldrene og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Det skal også arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

#### Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

Klassekontakt og vara tek imot saker til FAU møter. Saker som går på enkelt elevar må takast med klassekontakt, saker som gjeld fellesskapet takast med FAU. Dersom klassekontakt er usikker om sak skal i FAU, kan ein drøfte dette i forkant eller i møte.

Referatet vil framover berre kort seie noko om bakgrunn for sak, konklusjon frå møte og evt. tiltak for oppfølging. Det vil ikkje inkludere drøftingar i møtet.

I velkommen som ny klassekontakt tek vi med ei kort oversikt over kva som er FAU sitt mandat og korleis dele informasjon og referat.

Ikkje alle brukar Facebook, gjer det vanskelegare å vite om informasjonen når ut til alle sjølv om ein er medlem i gruppene til klassetrinna.

FAU ynskjer å dele referat frå FAU møte i Visma og ikkje legge det ut på kommunen sine heimesider. FAU ynskjer gjerne ei tilbakemelding frå skulen om vi kan dele sosiale arrangement i visma også, via kontaktlærar.

Har visma ein app for foreldre/FAU?

#### **Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
<b>Oppdatere klassekontaktskriv</b>		<b>X</b>
<b>Sende ut referat via visma</b>	<b>X</b>	

## Sak 2 Foreldre og FAU dugnad årshjul

### Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

**Desember:** FAU drøfta dugnad for å få til servering etter julekveldane. 7 av 11 i FAU ynskjer å avslutte julekveld etter skulen sitt program. FAU tek då vekk oppgåver tilknytt denne kvelden frå redigert årshjul som vert sendt til skulen.

**Juni:** endre opplegg rundt sommarfesten i 2022 der 7. klasse sjølv tok ansvar for mat og 6. klasse rydda og var kjøkkenvakt vart godt motteke, legg dermed inn same opplegg som i fjor i revidert årshjul.

**Viktig oppfordring frå FAU:** Vi ynskjer at skulen sikrar at alle aktivitetar i juni ikkje fell på same tid. FAU har ei forventning om at årshjul er klar med alle datoar allereie i august, då dei fleste faste arrangement kjem på same dato kvart år.

### Til oppfølging:

	Skulen	FAU
Revidert og sende forslag til nytt årshjul 23/24		X
Legge ut referat på Dingemoen sine heimesider	X	

## Sak 3 Klassemiljø og null visjon mobbing

### Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

FAU ynskjer ein eigen del i foreldremøte både haust og vår, der føresette kan drøfte klassemiljø og om ein ynskjer å ta opp ting som ikkje fungera. Per no er det mest lærarstyrt foreldremøte, lite initiativ frå føresettegruppa. FAU tenkjer og at ein burde hatt eit eige møte styrt av føresette, der ein set ein agenda utan lærarar- klassekontaktane organisera. Ein kan gjerne får innspel frå lærarar på aktuelle tema for dei ulike klassetrinna. Ein kan då ha type oppgåver som drøftast for å sikre at dei føresette vert betre kjent, er sikre på kvarandre om det oppstår vanskelege situasjonar i miljøet til ungane både på og utafør skulen.

Føresette bør ha meir bli kjent aktivitetar utanom ordinære møte frå tidleg trinn så vert det lettare å samarbeide i åra som kjem.

Vi kan alle vere gode samtalepartnarar for kvarandre når ein har vanskelege periodar, og gje råd om kven ein kan kontakte for å få hjelp.

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
Be kontaktlærer legge inn fast bolk for trivsel og klassemiljø og ein del kun for føresettegruppa.	X	
Laget rundt barnet foreldremøte må vere fast kvart år.	X	
Be klassekontaktane invitere til eit møte styrt av føresette på haust- få det inn i info. skriv ny klassekontakt.		X

## Sak 4 Mobilhotell 5.-7. klasse

Borna kjem heim å fortel om feil bruk av mobil som ikkje er i tråd med reglane til skulen.

Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

FAU ber klassekontaktane i 5.-7. høyre med kontaktlærarane om det er ei utfordring med mobilar i 5.-7., eller om dei meiner det er tilstrekkeleg å minne om rutinar og reglar med bruk av mobil i skuletid. FAU kan ta saka opp igjen til drøfting etter innspel frå lærarane.

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
Klassekontaktane i 5.-7. sjekkar med lærarane		X

## Sak 5 Sosiale media for 10 åringar

Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

FAU ynskjer å få inn nokon som kan ha meir opplæring på både foreldre og borna rundt bruken av nett og sosiale media. Det har for eks. vore arrangert nettvettkurs for klasse på barnetrinn med ungdommar frå Dale VGS. Kan vi få inn fagressursar frå politi, Barnevakten, Medietilsynet, Mobbeombodet og liknande. ?

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
<b>Invitere til opplæring på nettvett etter nyttår</b>	<b>X</b>	<b>X</b>

## Sak 6 Fagleg kvalitet på kunst/handverk/sløyd

Meldt inn spørsmål om kvaliteten er god nok, og om ein evt. nyttar handverksfaga meir til dei som treng meir praktiske fag når det er for mykje teori og stillesitting.

Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

Skulen har lovd å sette opp ein progresjonsplan, FAU ynskjer å få ein dato for når denne skal vere klar. FAU ynskjer også gjerne å få presentert denne frå skulen.

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
<b>Frist og presentasjon av progresjonsplan</b>	<b>X</b>	

## Sak 7 Samarbeid skulen og Flyktingtenesta

FAU ynskjer å invitere Flyktingtenesta til møte om samhandling mellom skulen og flyktingfamiliane.

Konklusjon etter drøftingar i møte og etter innspel frå skulen:

Flyktingtenesta kjem til neste FAU møte og FAU har satt opp følgande punkt dei ynskjer å ha på agenda for møte.

- Leksehjelp utanom skuletid, der føresette kan også vere med
- Fritidsaktiveter- kan flyktingkoordinator hjelpe der? Når kan ein kontakte dei som jobbar på kontoret for flyktingtenesta?
- Fadderordning (flyktingvenn) på aktivitetar både ved skule og fritid- erfaringar
- Presentere korleis dei jobba med barnefamiliar
- Korleis vite at informasjon når fram og når skal vi tenke at det er tilstrekkeleg handtert
- Tolketid ved møter med føresette

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
Kalle inn flyktningtenesta		X

## Sak 8 Oppfølging frå forrige møte

Kjøleskap til matboksar:

Skulen melder tilbake at borna i 1.-4. kan legge nista som skal etast kl. 14.30 i ein boks om morgonen i kjøleskap. Borna må sjølve levere inn matboksen.

Forslag og utredning om 5 dagars skule:

FAU har ikkje motteke noko meir her frå skulen, ber skulen dele med FAU før neste møte.

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
Sende ut informasjon om mogleg bruk av kjøleskap	X	
Utredning om 5 dagars veke	X	

## SAK 9 Anna

Informasjonshefte på heimesida er ikkje oppdatert med årets informasjon.

FAU ynskjer også at det skal vere ein engelsk versjon også då vi har mange engelsktalande føresette og born på Dingemoen skule.

**Til oppfølging:**

	Skulen	FAU
Legge ut oppdatert info.hefte	X	
Oversette til engelsk	X	